
Saksnr: 2020/45015-27
Saksbehandlar: Birgit Tansøy

Til: Fylkesutvalet
Frå: Fylkesrådmannen

Riksantikvaren opprettheld motsegna til reguleringsplan for steinbrot på Aksla, Hennøy plan id 1438.016.03 - Bremanger kommune

Sak om 2. gongs offentleg ettersyn av reguleringsplan for steinbrot på Aksla i Bremanger kommune, handsama i Fylkesutvalet den 28.05.2020, PS 98/2020, vart oversendt Riksantikvaren 04.06.2020, då faglege tilrådingar om motsegn på bakgrunn av konflikt med nasjonale kulturminneinteresser ikkje vart fylgt opp av politiske organ i Vestland fylkeskommune.

Fylkeskommunen skal jf. underretningsplikta i Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven § 7-3, sende slike saker uavkorta til Riksantikvaren, som på sjølvstendig grunnlag kan fremja motsegn for å ivareta vesentlege regionale eller nasjonale verdiar. Riksantikvaren tek då over Vestland fylkeskommune sin rolle som kulturminnemynde i saka, inkludert skjønnsutøvinga i det planfaglege, vidare dialog med kommunen og eventuell mekling hjå Fylkesmannen i Vestland.

Riksantikvaren gjennomførte synfaring med Bremanger kommune den 20.08.2020 og har konkludert med i brev av 11.09.2020 at dei opprettheld motsegna til planen og at dei no vil ta over heile saka. Dei skriv:

«Landskapet i Frøysjøen med helleristingane i Vingen og andre kulturminne er av nasjonal og internasjonal verdi. Kulturmiljøet syner korleis folk frå steinalder fram til vår tid har tilpassa seg naturgrunnlag, naturressursar og sjøvegen som transportåre. Området er utan større moderne landskapsinngrep, og dei unike kvalitetane ved landskapet er synlege. Det finnest svært få område av denne type i Noreg, det same gjeld utanfor Noregs grenser.

Riksantikvaren meiner Aksla steinbrot, og særskilt utskipingskai i Frøysjøen, ikkje er akseptabelt for landskapet og kulturmiljøet i Vingen. Steinbrotet og utskipingskaia vil endre landskapet på ein markant måte. Landskapet og kulturminna, med dei verdiane dette har for kunnskap og opplevingar, bør bevarast.

Riksantikvaren reiser difor motsegn til føreslegen reguleringsplan for steinbrot på Aksla.»

Vedlegg

- 1 Kopi - 2. gongs offentleg ettersyn, reguleringsplan for Steinbrot på Aksla, Bremanger kommune - Motsegn